

Fekk to musikkstipend på same dag!!

25.06.2012

Gårdagen var ein lykkedag for musikk talentet Ruben Aksnes. Då fekk nemleg 20-åringen som kom flyttande frå Odda til Uskedalen for 7 år sidan, melding at han var tildelt to ulike stipend. Det var utviklingstipend frå Odda kommune på 20.000kr og Tono-stipend på 10.000kr. Den særdeles lovande musikaren vart dermed tildelt Tono-stipend for andre året på rad!!

Ruben er for tida busett i Trondheim i samband med studiar, og han er kanskje mest kjent som bassist i den etterkvart så anerkjende rocke-trioen Jitney. Jitney er svært populære i Trøndelagsområdet. Dei kan visa til gode plassingar på Urørt-listene og i andre samanhengar. Dei har spela på festivalar på Island, men og meir lokalt som Rosendal Musikkfestival og Etnemarknaden. Dette året skal dei mellom anna opptre på Morellefestivalen i Ullensvang. Kanskje vi kan håpe på å høyre den dyktige uskedelingen og bandet hans under neste Festidalen??

I tillegg til Jitney spelar Ruben i fleire ulike band i Trondheimsområdet. Han beherskar ulike sjangrar, og han har som målsetjing å gjere musikken til leveveg.

Tildelingane vert grunnjevne med at ein har med eit særdeles lovande musikk talent å gjere. Det vert lagt vekt på at han arbeider hardt og målretta med musikken. I tillegg til å traktere bassen, er og Ruben med og lagar musikken til banda han spelar i. Ruben har også tidlegare vorte tildelt fleire anerkjende stipend og prisar, mellom anna Odda kommune sin ungdomskulturpris.

Ruben er ikkje åleine om musikken i familien. Yngstebror Sindre er velkjendt som eit ekstraordinært slagverkstalent! Mindre kjent for bygdefolket er det nok at eldstebror Eirik er ein eminent jazzgitarist og komponist. Han held til i Stavanger, er sentral i jazzmiljøet i oljebyen og har tilbragt dei siste åra ved musikkonservatoriet der. Vi kan nok trygt sei at brødrene Aksnes har spesielle musikkgener, for både på farsida og morsida har dei sær gode musikarar!!

Av: Thor Inge Døssland



Mor Anne kan med god grunn vera stolt over sine tre musikarsøner!!(Foto: Ola Matti Mathisen)